

# VEDTEKTER FOR 4H HORDALAND

## §1. NAMN

4H Hordaland er namnet på organisasjonen 4H Norge sitt fylkesledd.

## §2. FYLKESÅRSMØTET

Fylkesårsmøtet er 4H Norge sitt høgste organ på fylkesplan. Fylkesårsmøtet har eit overordna ansvar i organisatoriske og økonomiske spørsmål for 4H-arbeidet i fylket.

### A) SAMANSETJING

Fylkesårsmøtet er samansett av:

- 2 representantar frå kvar 4H-klubb vald på årsmøtet i klubbane. Minst ein av desse bør vera i aktiv medlemsalder.
- 2 representantar oppnemnde av landbruksavdelinga hos Fylkesmannen.
- 2 representantar for 4H-alumnane i fylket vald på årsmøtet i alumnklubben.
- Ein (1) representant for dei frammøtte arrangementsmedlemmene i fylket. Denne representanten vert vald av, og blant dei frammøtte arrangementsmedlemmene under konstitueringa av fylkesårsmøtet.
- Medlemene i fylkesstyret.
- 1 representant frå fylkesleddet til kvar av medlemsorganisasjonane i 4H Norge. Desse møter utan røysterett. I tillegg til dei organisasjonane som er tilslutta 4H Norge sentralt, kan fylkesårsmøtet etter innvotering knyta til seg andre organisasjonar, grupper og institusjonar som er av særleg interesse for 4H-arbeidet i fylket.

### B) MØTE

Ordinært fylkesårsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars. Tid og stad vert fastsett av fylkesstyret i samråd med ordførar i fylkesårsmøtet. Fylkesårsmøtet vert kalla saman og leia av ordførar i årsmøtet. Innkalling med sakliste skal sendast medlemmane i fylkesårsmøtet minst 6 veker før møtet. Saksdokument som planar, vedtektsendingar, valkomiteen si innstilling og ev. andre prinsipielle saker skal sendast ut saman med fylkesstyret si innstilling samtidig med innkallinga. Andre saksdokument skal sendast medlemmane i fylkesårsmøtet minst 2 veker før møtet. Årsmøtet skal gjerast offentleg for arrangementsmedlemmer ved at sakliste og saksdokument vert lagt ut på 4H Hordaland sine heimesider etter same fristar som dei andre.

Rett til å senda inn saker til fylkesårsmøtet har 4H-fylkesstyret, 4H-klubbane, medlemsorganisasjonane og dei valde årsmøtereferentane.

Fylkesårsmøtet kan gjera gyldige vedtak når minst halvparten av årsmøtereferentane som har stemmerett er tilstades.

Dersom fylkesårsmøtet ikkje har 50 % av dei med stemmerett tilstades, må vedtak godkjennast av landsstyret for å vera gyldige.

Vedtak i fylkesårsmøtet vert gjort med absolutt fleirtal når ikkje anna er nemnd i vedtektene. Blanke røyster blir rekna som gyldige røyster.

### ORDINÆRT FYLKESÅRSMØTE SKAL HANDSAMA:

- Val av 2 referentar til å føre protokollen.
- Val av 2 personar til å underskriva protokollen saman med ordførar.
- Forretningsorden for årsmøtet

- Årsmelding frå fylkesstyret
- Revidert rekneskap
- Prinsipielle spørsmål reist av landsstyret, eller saker som klubbane eller fylkesstyret ønskjer å drøfte. Slike saker skal vere komne til Fylkesstyret seinast 3 månader før årsmøtet.
- Handlingsprogram - kvart andre år.
- Årsplanar
- Budsjett
- Tilsetjing av revisor.
- Val av:
  - 1) Ordførar og varaordførar for fylkesårsmøtet. Funksjonstid på 1 år.
  - 2) 5 medlemmer til fylkesstyret vald av fylkesårsmøtet. Desse vert valde i følgjande rekkjefølgje:
    - a. Leiar for fylkesstyret med funksjonstid 1 år.
    - b. Kvart år blir det vald 2 styremedlem(er) med funksjonstid to år. Den eine skal vera i aktiv medlemsalder.  
Dersom leiaren vert vald blant dei sitjande medlemmane i fylkesstyret, skal det veljast eit styremedlem til med funksjonstid 1 år.
  - 3) 3 varamedlemmer til fylkesstyret i rekkjefølgje. Funksjonstid eitt år.
  - 4) Representantar med vararepresentantar til landsmøte for 4H Norge. Handsamast annakvart år.
  - 5) Kontrollnemnd på 3 medlemmer m/funksjonstid på 3 år. Ein ny medlem vert vald kvart år. Den som har sete lengst vert automatisk leiar for komiteen. Kontrollnemnda foreslår ein ny person til valkomité + ein varamedlem.
  - 6) Valkomité på tre medlemmer m/ funksjonstid på 3 år. 1 ny kvart år. 1 varamedlem til valkomiteen med funksjonstid 1 år. Den som har sete lengst vert automatisk leiar. Komiteen nominerer personar frå pkt.1-5 over.

Alle val skjer blant 4H sine medlemmer.

Medlemmene i fylkesstyret har ikkje røysterett ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

Representantane for medlemsorganisasjonane har tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett. Det same gjeld for representantane oppnemnde av landbruksavdelinga hos Fylkesmannen.

Det skal vere skriftleg val på leiar og styremedlemmer. Ved personval utanom leiar og styremedlemmer, skal det vere skriftleg val dersom det er framlegg om meir enn ein kandidat.

Det blir kravd absolutt fleirtal for å verta vald. Blanke røyster blir rekna som gyldige røyster. I saker der det vert kravd skriftleg val skal det ved likt stemmetal vera omval. Vert det same resultat andre gongen skal saka avgjerast ved loddrekning.

Ekstraordinært fylkesårsmøte vert halde når fylkesstyret eller minst 1/3 av årsmøtorepresentantane krev det. Berre dei sakene som er nemnde i innkallinga, kan bli handsama. Innkalling og tidsfristar er som for ordinært fylkesårsmøte.

Reise- og opphaldsutgifter for representantane til fylkesårsmøtet vert dekkja av dei dei representantar.

Det skal førast protokoll frå fylkesårsmøtet.

### §3. FYLKESSTYRET

Fylkesstyret har 5 medlemmer med stemmerett og 3 varamedlemmer.

- Leiar
- Nestleiar
- Skrivar
- styremedlem med økonomioppfølging
- Styremedlem
- 3 varamedlem

Alumnklubben i fylket kan møta med ein representant som observatør i fylkesstyret utan røysterett. Fylkesmannen i fylket kan møte med ein representant som observatør utan røysterett. Ordføraren i årsmøtet kan delta på fylkesstyremøta utan røysterett.

Fylkesstyret vel sjølv nestleiar sin med funksjonstid 1 år. Skrivar og styremedlem med økonomioppfølging blir valt på årsmøtet.

#### FYLKESSTYRET SINE HOVUDOPPGÅVER ER:

- Å vera 4H Norge sitt styringsorgan på fylkesplan med ansvar for å leia 4H-arbeidet i fylket, 4H sin økonomi i fylket og ha personalansvar for dei tilsette i fylket.
- Å vera ansvarleg for å driva samfunnsretta verksemd overfor born og ungdom gjennom opplæringstilbod i 4H. Dette skal gjerast i nært samarbeid med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen.

For at styret skal vera vedtaksføre må minst 4 medlemmer med røysterett møta. For gyldig vedtak i fylkestyret vert det kravd at minst 3 medlemmer har røysta for framlegget. Ved likt røystetal har leiar dobbelt røyst.

#### FYLKESSTYRET SKAL M.A.:

- Vera styringsorgan for 4H-arbeidet i fylket i samsvar med 4H Norge sine lover og vedtak fatta av landsmøtet for 4H Norge, fylkesårsmøtet og landsstyret.
- Ha ansvar i organisatoriske og administrative saker for 4H i fylket.
- Leggja hovudvekt på handsaming av prinsipielt viktige saker som har mykje å seia for utvikling av 4H-arbeidet og utnytting av organisasjonen sine ressursar i fylket.
- Driva langtidsplanlegging og budsjettering.
- Forvalta midlane til fylkesorganisasjonen.
- Sørgja for at 4H-klubbane, medlemmane og klubbrådgjevarane får best mogleg støtte og rådgjeving i 4H-arbeidet.
- Fremja innstilling i dei sakene som 4H-fylkesstyret får oversendt til uttale frå landbruksavdelinga hos Fylkesmannen.
- Saman med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen analysa kva rådgjevingstiltak som er vesentlege for målgruppa ungdom i fylket og motivera 4H-klubbar og 4H-medlemmar til å leggja opp aktivitetar, studiearbeid og oppgåveval i samsvar med desse behova.
- Leggja arbeidet til rette for og styrkja 4H-nemndene i kommunane.
- Byggja ut og skaffa økonomi til organisasjonsrådgjevar i fylket.
- Gjera avtalar med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen, organisasjonar på fylkesplan og andre.
- Halda konferansar og kurs for medlemmer, klubbrådgjevarar og tillitsvalde.

- Vera ankeinstans for saker avgjort av klubbane.
- Vedta reglar for reiseutjamning for klubbane sine representantar til fylkesårsmøtet.
- Arbeida med andre aktuelle oppgåver for 4H-arbeidet i fylket.
- Leiaren i fylkesstyret og regionsleiar/dagleg leiar (eller nestleiar) blir tildelt prokura.

Fylkesstyret kan oppnemne utgreiingsutval for spesielle saker.

#### **§4. VEDTEKSENDRING**

Fylkesårsmøtet vedtek sjølv vedtektene sine etter mønster av normalvedtekter for fylkesledd av 4H Norge. Vedtektene skal godkjennast av landsstyret før dei er gyldige.

Forslag til endringar av vedtektene for 4H-arbeidet i fylket må vera lagt fram av fylkesstyret eller minst 5 medlemmer av fylkesårsmøtet minst 3-4 månader før det fylkesårsmøtet som skal handsama forslaget.

Forslaget til vedtektsendring skal saman med fylkesstyret si innstilling sendast medlemmane av fylkesårsmøtet minst 6 veker før fylkesårsmøtet. Vedtektsendring krev at minst 2/3 av dei frammøtte fylkesårsmøtere representantane røystar for.

#### **§5. OPPLØYSING**

Fylkesårsmøtet kan ikkje vedta å oppløysa 4H-arbeidet i fylket. Fylkesårsmøtet kan etter vedtak med 3/4 fleirtal blant dei frammøtte fylkesårsmøtere representantane i 2 ordinære fylkesårsmøte på rad oppmoda landsstyret om å mellombels leggja ned verksemda i fylket.

#### **§6. IVERKSETJING**

Vedtektene er endra på Fylkesårsmøtet den 18. februar 2001 og vart gjort gjeldande med verknad frå denne dato. Dei er og justerte av landsstyret 28.-30. april 2000. Endra på landsårsmøtet 2006 og vedteke på fylkesårsmøtet 15/3-2009.

Vedtektene er endra på fylkesårsmøtet den 12. februar 2017 og 10. februar 2019 og gjort gjeldande frå denne dato. Godkjent av sentralstyret i 4H Norge den 8. mai 2019.